

# OSTERØY KOMMUNE

## SAKSPAPIR

Styre, komite, utval	Møtedato	Saksnr	Sbh
Hovudutval natur	24.10.2001	180/01	MHJ
Osterøy heradsstyre	07.11.2001	081/01	OJB
Formannskapet	03.12.2003	134/03	ARA
Formannskapet	02.06.2004	092/04	KJB
Formannskapet	21.02.2007	021/07	KJB
Formannskapet	06.06.2007	097/07	KJB
Osterøy heradsstyre	20.06.2007	030/07	KJB
Formannskapet	22.08.2007	127/07	KJB
Formannskapet	05.12.2007	193/07	KJB
Formannskapet	02.04.2008	030/08	NITU
Osterøy heradsstyre	21.05.2008	045/08	NITU

<b>Saksansvarleg</b> Maria Nieves Tur Vevle	<b>Arkiv:</b> N-504 <b>Objekt:</b>	<b>Sak ID</b> 01/2645
--	---------------------------------------	--------------------------

### 3 GONGS HANDSAMING-REGULERINGSPLAN FOR BUSTADOMRÅDE BRUVIK - DEL AUST - P-SAK

#### RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK

”1. Formannskapet som fast utval for plansaker, har i medhald av §27-1, nr. 2 i plan- og bygningslova (pbl), handsama innkomne merknader til 3.gongs utlagt framlegg til reguleringsplan for Bruvik sentrum, del aust av 15.11.07 med tilhøyrande føresegner dagsett 09.02.07.

2. Osterøy heradsstyre godkjenner i medhald av §27-2 i pbl framlegg til reguleringsplan med føresegner for Bruvik sentrum, del aust av 15.11.07 med tilhøyrande føresegn dagsett 09.02.07”

#### 02.04.2008 FS-030/08 UTVALET SI HANDSAMING:

Komm.planleggjar og barnerepresentanten var til stades ved utvalet si handsaming.

-----

#### AVRØYSTING

Punkt 1 - samrøystes

Punkt 2 - samrøystes

-----

Formannskapet som fast utval for plansaker har etter dette gitt slik innstilling til vedtak i heradsstyret:

**”Osterøy heradsstyre godkjenner i medhald av §27-2 i pbl framlegg til reguleringsplan med føresegner for Bruvik sentrum, del aust av 15.11.07 med tilhøyrande føresegn dagsett 09.02.07.”**

## **21.05.2008 HS-045/08 UTVALET SI HANDSAMING:**

Sakshandsamar og barnerepresentanten var til stades ved handsaminga.  
-----

### **AVRØYSTING**

Formannskapet sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

### **SAMANDRAG**

**Framlegg til reguleringsplan for Bruvik sentrum, del aust med merknader og forslag til nokre mindre endringar vart lagt fram for planutvalet den 06.06.07 (saksnr. 097/07) med tilråding om godkjenning av heradsstyret (20.06.07, saksnr. 030/07). Rådmannen rådde til at framlegg til reguleringsplan med føresegner vert godkjent med dei endringar som var nemnd. Planutvalet vedtok samrøystes vedtaket frå rådmannen og planen gjekk vidare til godkjenning i heradsstyret. Heradsstyret godkjende i møte 20.06.07 planen, men ønskte at snuplass for skulebuss ved Bruvik skule (BH3) vert flytta til ny plassering på austsida av kommunal veg til Olsnes (154/6) ved ”furu” før Knausatun. Denne endringa kravde 3.gongs handsaming og ny utlegging av revidert plan. Formannskapet vedtok i møte ( 05.12.07, saksnr. 193/07 ) 3. gongs utlegging av planen**

**Revidert Plan og føresegner har no vore på 3.gongs høyring.**

**Rådmannen rår til at framlegg til reguleringsplan med føresegner vert godkjent.**

### **FAKTA**

Det faste utval for plansaker vedtok 05.12.07 å leggja privat framlegg til reguleringsplan ut til 3.gongs offentleg ettersyn..

3.gongs utlegging av planframlegget vart kunngjort i pressa (Bygdanytt og Bergens Tidende) med frist for merknader til 25.01.08.

Offentlege etatar, naboar og grunneigarar vart varsla med eige brev dagsett 21.12.07.

**Det er ikkje komme inn merknader som medfører endringar i planframlegget.**

I HS-møtet den 20.06.07 blei det gjort følgjande vedtak (saksnr. 030/07):

**”Osterøy heradsstyre godkjenner i medhald av §27-2 i pbl framlegg til reguleringsplan med føresegner for Bruvik sentrum, del aust sist dagsett 09.02.07 og med følgjande endringar dagsett 25.05.07:**

**- friluftsområdet FRO1 endrast til landbruksområde (LB5).**

**- vatn- og avløpsanlegg VA1 (kloakkreinseanlegg) flyttast lenger sør og innafor arealet som no blir endra til landbruksområde.**

**- for gang/sykkelveg (fortau) GS5, GS6, GS7 og GS8 må det i planen setjast av areal til naudsynte skjæringar/fyllingar som anna veggrunn.**

- bak busshaldeplass BH1 må det leggjast inn frisisiktsone for trygg utkøyring.
- det må setjast av areal til busstur for busshaldeplass BH1 og BH2.
- avkøyrse for busshaldeplass BH3 (snusløyfe) og køyreveg OK3 må ha frisisiktsone.
- for avkøyrse frå køyreveg OK3 til privat veg PV3 må det setjast av tilfredstillande svingradius.

**Opprustinga av det nye krysset til Eidsvika som ligg i reguleringsplanen for FV360 – trafikkløysing Bruvik sentrum, vil vere eit vilkår for gjennomføringa av dette vedtaket. Osterøy heradsstyre vil støtta Bruvik grendaråd om at snuplass for buss vert ved ”furu” før Knausatun, og dette må vurderast innarbeidd i planen.”**

Heradsstyret har gjekk inn for formannskapet si tilråding med unntak av siste setning i vedtaket.

Dette kravde ny utlegging av plansaka (3.gong) og ny handsaming av planutvalet og godkjenning av heradsstyret.

Arealet som no vert nytta til ny snuplass for skulebussen (154/6) , har vore i eige til Ulvsnesøy skolehjem, men er no skjøtt over til Osterøy kommune.

### **Merknader til planen**

Ved utløpet av fristen 25.01.08 for 3.gongs høyring var det kome inn 7 merknader:

Offentlege etatar m.m ( 4 ):

<b>Nr.</b>	<b>Motteke</b>	<b>Høyringsinstans</b>
01	31.01.08	Hordaland Fylkeskommune v /Strategi og næringsavdelinga
02	23.01.08	Fylkesmannen i Hordaland v/ Miljøvernavdelinga
03	24.01.08	Kystverket Vest
04	22.01.08	Fiskeridirektoratet region Vest
05	18.01.08	Fylkesmannen i Hordaland v/ Landbruksavdelinga
06	14.01.08	Statens vegvesen

Naboar/privatpersonar ( 1 ):

07	08.01.08	Øystein Mo
----	----------	------------

#### **1. Hordaland Fylkeskommune v /Strategi og næringsavdelinga**

Ingen merknader, men ber om at atterhalda når det gjeld kulturminne blir tekne omsyn til ved utbygging.

**Rådmannens kommentar:** takast til etterretning

#### **2. Fylkesmannen i Hordaland v/ Miljøvernavdelinga**

Ingen merknader

#### **3. Kystverket Vest**

I samband med eit mindre sjøareal som i planen vert regulert til friområde i sjø/badeplass, gjer ein oppmerksom på at aktuelle tiltak som kaier, flytebyggjer, utfyllingar, sjøleidningar m.m. krev løyve av hamnemyndigheitene i tillegg til handsaming etter plan- og bygningslova. Ingen andre merknader til planforslaget.

**Rådmannens kommentar:** takast til etterretning.

#### **4. Fiskeridirektoratet region Vest**

Ingen merknader

## **5. Fylkesmannen i Hordaland v/ Landbruksavdelinga**

Ingen landbruksfaglege merknader.

## **6. Statens vegvesen**

Syner til møte hos SV 24.08.07, der m.a. dette planforslaget vart drøfta. Har ingen vesentlege merknader til planforslaget som no har vore til høyring.

## **7. Øystein Mo**

Grunneigar av Gnr. 154, Bnr. 26. Ynskjer tomt lagt inn i planen som bustadområde. Tomta grenser til planavgrensinga mot Olsnes.

**Rådmannens kommentar:** 1, Ei utviding av plangrensa vert å rekna som vesentleg og vil krevje 4.gongs høyring og handsaming av planen. Det har ikkje tidlegare komme innspel om dette, innspelet kjem såleis noko seint. Eit ynskje om bustad her er vurderast ikkje å være vesentleg for planens heilskap. Innspel vert ikkje imøtekomme.

## **RÅDMANNEN SI VURDERING**

Syner til faktadelen. Rådmannen rår til at framlegg til reguleringsplan med føresegner vert godkjent.

Dato for saksutgreiing: 21.02.08

Trykte vedlegg:

- 1 Plankart dagsett 20.06.07, med revisjon av 15.11.07
- 2 Reguleringsføresegn dagsett 09.02.07